



**LINDÅS KOMMUNE**  
Haugen barnehage

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
26.03.2015	
Ark. saknr. 15/168	Løpnr.
Saksnr.	Tilgangskode

20.mars 2015

Uttale til endring av vedtekter for kommunale barnehagar.

Tre partsmøte i Haugen barnehage støttar samarbeidsutvalet i Haugen barnehage sin uttale til endring av vedtektene § 10.

Det som er positivt med start 1.august er at barna både i barnehagen og SFO kan få ein mjuk start. Men det vil vere ein ekstra lang tilvenningstid for dei barna som startar då. Grunna at det vil kome nye personar for barnet til all ferieavvikling er ferdig. Det ser vi på som særskild uheldig. Dei yngste barnehagebarna treng den stabiliteten med kjent personale frå dag ein, slik at dei får ein trygg tilknytning. Noko som forskning påpeikar er viktig.

Budsjetta til barnehagane er ikkje lagt til rette for noko særleg vikarbruk under ferieavvikling for personalet. For å kunne oppretthalde kvalitet i barnehagane vil ein muleg konsekvens vere sommarstengde barnehagar. Dette er noko verken foreldre eller personalet ønskjer. Dei vil ha den fleksibiliteten som er i dag.

Med helsing

*Mariann S. Mostraum*

Mariann Mostraum tillitsvald frå Utdanningsforbundet

*Jannike Eikeland*

Jannike Eikeland tillitsvald frå Fagforbundet

*Anne B. Mehl*

Anne B. Mehl verneombod

*Kate E. Klementsens*

Kate E. Klementsens styrar